

"Slip" og "Slide"

...eller "Kunsten å raskt endre innhald i eller plassering av eit innklippsbilete"...


Desse er to spesielle variantar av **"Trim"** som du aktiverer med ein enkel operasjon. (Du kunne gjort det same på ein mykje meir tungvint måte enn det du får lesa om her.)

Utgangspunktet er at du har eit innklippsbilete, anten for å skjula eit klipp eller berre av di det høver seg...


"Slip" gjer deg høve til å trimma innhaldet i innklippsbiletet i tid i høve til kva del av kjeldematerialet du har inne i klippet. Det vil ikkje verta flytta i "Timeline" eller få endra lengde.

"Slide" gjer deg høve til å trimma posisjonen til innklippsbiletet i "Timeline" utan å endra på innhaldet i det eller lengda på innklippsbiletet eller sekvensen.


Måten å aktivera desse to funksjonane er å dra ein lasso med musa i "Timeline". Du må starta over videosporet, til høgre for innklippsbiletet og dra ned og mot venstre slik at heile innklippsbiletet er inne i lassoen.



Når du slepp musknappen får du **"Slip"** som ser slik ut:



Om du gjer dette og samstundes held inne "Alt"-knappen får du **"Slide"** som ser slik ut



(Studier av trim-"rullane" og bruk av logikk vil gje deg ei forståing av kva som går føre seg)

Trimming skjer på vanleg vis anten med "Trim"-knappane eller med å dra i rullane. Kor langt du kan trimma er som ved vanleg "Trim" avgrensa av lengda på kjeldematerialet...

"Composer"-monitor vil i tilfelle "Slip" syna fyrste og siste biletruta i innklippsbiletet. I tilfelle "Slide" vil siste biletruta før og fyrste etter innklippsbiletet syna. Om du har "Dual monitor"("Source" og "Composer" i eitt vindauga) får du opp 4 bilete som syner biletrutene før og etter baa klippepunkta.